



UNIVERSITETS- OG HØGSKOLERÅDET

The Norwegian Association of Higher Education Institutions

Vurdering av sensurordningane innan høgare utdanning

Rapport frå ei arbeidsgruppe oppnemnt av Utdanningsutvalet i UHR

15. desember 2014

Innhald

1.	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Mandat og oppnemning.....	3
1.3	Arbeidet i gruppa.....	4
2.	Samandrag.....	5
3.	Sensurordningar	8
3.1	Lov og reglar	8
3.2	Vurderingsordningar.....	8
3.3	Omfanget av ekstern sensur.....	9
3.4	Ordninga med tilsynssensor/programsensur.....	11
3.5	Samordning av sensurarbeidet.....	12
3.6	Nasjonale sensorkorps	13
3.7	Nasjonale deleksamenar	14
4.	Sensurordningar og kvalitetssystem.....	15
4.1	Kvalitetssystem og utfyllande reglar	15
4.2	Reglar om sensur	15
4.2.1	Talet på sensorar.....	16
4.2.2	Ekstern sensur	16
4.3	Behov for felles reglar?	16
4.4	NOKUT	17
5.	Budsjettmessige konsekvensar	18
5.1	Kostnader ved ekstern og intern sensur	18
5.1.1	Ulike typar kostnader	18
5.1.2	Lønskostnader for interne og eksterne sensorar	18
5.1.3	Reisekostnader for eksterne sensorar	19
5.1.4	Andre kostnader	19
5.1.5	Oppsummering	19
5.2	Kostnadene ved utviding av talet på sensorar	20
5.3	Kostnader ved samordning av sensurarbeidet	20
6.	Tilrådingar frå arbeidsgruppa.....	21
6.1	Forslag om felles reglar om sensurordningar	21
6.2	Sensurordningar og kvalitetssystem	24
6.3	Samordning av sensurarbeidet.....	24
6.4	Nasjonale sensorkorps	24
6.5	Budsjettmessige konsekvensar	24
7.	Iverksetjing og oppfylging	26
	Vedlegg	27
	Vedlegg 1: Oversikt over bakgrunnsmateriale og informantar	27
	Vedlegg 2: Kostnader ved ekstern og intern sensur - rekneeksempel.....	28
	Vedlegg 3: Utdrag av forskrifter om sensurordningar	33

Vurdering av sensurordningane innan høgare utdanning

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I forskingsprosjektet om *Karakterbruk og kvalitet i høgare utdanning*, presentert i Rapport 03/13 frå Senter for økonomisk forskning (SØF-rapporten), blir det retta søkjelys mot skilnader mellom utdanningsinstitusjonane når det gjeld bruk av karakterskalaen A–F. Rapporten peikar på tendensar til «streng» karaktersettjingspraksis ved dei «gamle» universiteta og «snill» praksis ved dei «nye» universiteta og ved statlege høgskular.

I rapporten er det peika på fleire moglege forklaringar på skilnadene i karaktersettjingspraksis. Det kan vere relativ karaktersettjng, strategisk karaktersettjng for å auke inntektene, skilnader i undervisningsopplegg og ulike studentgrupper (ulike aldersgrupper t.d. ved universitet og statlege høgskular).

Det er eit mål at karakterskalaen skal brukast likt på tvers av fag og institusjonar. Dette er ei svært ambisiøs målsettjng, og UHR, i samarbeid med institusjonane og dei nasjonale rådsorgana, har arbeidd med ulike former for samordning av karakterbruken. SØF-rapporten peikar på at det likevel er skilnader som tyder på ulik karaktersettjingspraksis. Dette kan svekke tilliten til karaktersystemet, og det er viktig for alle institusjonane innan høgare utdanning å utvikle ein god praksis når det gjeld sensurordningar og karaktersettjng.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) har drøfta rapporten og ulike tiltak med sikte på å få til ei sterkare samordning av karakterbruken på tvers av fag og institusjonar. Samordning av ulike sider ved sensurordningane er eitt slikt tiltak, og UHRs utdanningsutval vedtok 22. mai 2014 å oppnemne ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere sensurordningane innan høgare utdanning.

1.2 Mandat og oppnemning

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

- vurdere sensurordningane innan høgare utdanning, herunder om det er behov for utvida bruk av ekstern sensur og eventuelt å innføre nye ordningar
- vurdere tiltak for harmonisering av sensurarbeidet ved institusjonane (sensorsamlingar)
- vurdere forholdet mellom sensurordningane og institusjonane sine kvalitetssystem
- utgreie kva budsjettmessige konsekvensar val av ulike former for sensurordningar har for institusjonane
- rapportere til Utdanningsutvalet innan 1. desember 2014

Arbeidsgruppa fekk følgjande samansettjng:

- viserektor for utdanning ved Universitetet i Bergen, Oddrun Samdal, leiar
- prorektor Olgunn Ransedokken, Høgskolen i Oslo og Akershus
- førsteamanuensis Per Manne, Norges Handelshøgskole
- økonomidirektør Jan Aasen, Høgskolen i Lillehammer
- studiedirektør Beth Linde, Høgskolen i Østfold
- student Sondre Jahr Nygaard, NSO
- seniorrådgjevar Kjersti Tokstad, NOKUT

Seniorrådgjevar Asbjørn Bjørnset, Universitetet i Bergen har vore sekretær i samarbeid med seniorrådgjevar Rachel Glasser, UHR.

Arbeidsgruppa tolkar mandatet slik at vurderinga av sensurordningane skal ha som siktemål å komme fram til ein god praksis som kan gje sterkare samordning av karakterbruken på tvers av fag og institusjonar. Søkjelyset blir i hovudsak retta mot lågare grad sidan det er her det er gjort størst endringar i sensurordningane i samband med kvalitetsreforma. For master-oppgåver/avhandlingar gjeld kravet om minst to sensorar, derav ein ekstern, men for andre masteremne kan problemstillingane vere dei same som på lågare grad.

1.3 Arbeidet i gruppa

Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i rapport 21/2009 frå NIFU STEP om «Hva er kvaliteteter ved god sensur» når det gjeld omfanget av ulike typar sensurordningar og sensurpraksis.

Materiale om sensurordningar og kvalitetssystem er henta dels frå institusjonane sine nettsider og dels gjennom kontakt med institusjonane. Oversikt over retningslinjene for eksamen og sensur er henta frå institusjonane sine forskrifter slik dei er publisert i Lovdata.

Som grunnlag for vurdering av budsjettmessige konsekvensar er det henta materiale frå 17 institusjonar.

Arbeidsgruppa har hatt tre møte og elles arbeidd per epost.

2. Samandrag

Lov og reglar

UH-lova gir institusjonane stort handlingsrom til å fastsetje sensorordningar innafør kravet om at det skal vere minst éin ekstern sensor ved vurderinga av sjølstendig arbeid i høgare grad og ved ny sensurering i klagesaker. Det skal vidare vere ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordninga ved institusjonane. (kap 3.1)

Vurderingsordningar

Innan høgare utdanning har det i lang tid vore ulike vurderingsordningar/-former. I samband med Kvalitetsreforma vart ein del nye former tekne i bruk, og det er lagt vekt på at det skal vere samanheng mellom undervisning og vurdering. Læring og vurdering blir knytt nærare saman med tilbakemeldingar undervegs. Det synest likevel ikkje å vere større vanskar med å nytte ekstern sensor ved sluttvurderinga enn tidlegare, men omfanget av eksamensarbeidet har auka, sidan det er blitt vesentleg fleire emne innafør mange fagområde. (kap 3.2)

Omfanget av ekstern sensur

NIFU-rapport 21/2009 og materiale som arbeidsgruppa har henta inn, viser at det er eit betydeleg omfang av ekstern sensur på lågare grad. Ein kombinasjon av intern og ekstern sensor er den mest brukte ordninga, men det er óg mange tilfelle der det berre blir nytta interne sensorar. Det er betydelege variasjonar mellom institusjonar og fagområde. Det blir også nytta berre éin sensor i ein viss grad, som oftast intern. Fleire institusjonar har ordningar der ein medsensor, intern eller ekstern, vurderer ein del av besvarelsane eller deltek i utforming av oppgåver og sensorrettleiingar. Talet på sensorar og bruken av ekstern sensur kan veksle frå år til år på den einskilte institusjon. (kap 3.3)

Tilsynssensor/programsensur

Ved nokre institusjonar er det innført ei ordning med tilsyns-/programsensur, som m.a. er tillagt å stå for ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane. Omfanget av ordninga er kartlagt i NIFU-rapport 21/2009, som viser at knapt halvparten av institusjonane har ei slik ordning. Ordninga er meir utbreidd ved universitet og vitskapelege høgskolar enn ved dei statlege høgskolane. Arbeidsgruppa vurderer det slik at ordninga kan vere nyttig som ledd i kvalitetsarbeidet innafør fag og program. Den kan også bidra til harmonisering av karakterbruk, men dette er ikkje hovudføremålet med ordninga. (kap 3.4)

Samordning av sensurarbeidet

For å få ei sterkare samordning av sensurarbeidet, skisserer arbeidsgruppa eit opplegg med fire nasjonale sensorsamlingar i kombinasjon med lokale samlingar frå og med 2016. UHR og dei nasjonale rådsorgana bør ha ansvar for dei nasjonale samlingane, medan institusjonane enkeltvis eller i samarbeid har ansvar for lokale samlingar. (kap 3.5)

Nasjonale sensorkorps

Arbeidsgruppa drøftar og skisserer ei prøveordning med organisering av eit sensorkorps innafør tre fagområde. (kap 3.6)

Nasjonale deleksamemar

Kunnskapsdepartementet har gitt NOKUT i oppdrag å gjennomføre eit pilotprosjekt med nasjonale deleksamemar. Dette er eit tiltak som også har vore drøfta i karakterpanel for samfunnsøkonomi. Erfaringane frå pilotprosjekta kan få betydning for fleire utdanningar, og det blir viktig å vurdere desse grundig innafør sektoren. (kap 3.7)

Sensurordningar og kvalitetssystem

Institusjonane har reglar om sensur dels i kvalitetssystema, og dels i forskrifter om studium, eksamenar og sensur. Ved nokre institusjonar inneheld kvalitetssystema overordna reglar om sensur, og det blir vist til utfyllande reglar, som kan vere fastsette sentralt eller på fakultets-/avdelingsnivå, når det gjeld spesifiserte retningslinjer. Arbeidsgruppa tilrår at hovudprinsippa, t.d. minstekrav for ekstern sensur, inngår i dei sentrale kvalitetssystema ved alle institusjonar. (kap 4.1)

Reglar om sensur

Institusjonane sine forskrifter inneheld ulike reglar. Arbeidsgruppa vurderer følgjande spørsmål som sentrale: *bruk av sensorretteiingar, kvalifikasjonskrav til sensorar, minstekrav til talet på sensorar, definisjon av ekstern sensor, minstekrav til ekstern sensur, oppnemning av sensorar, handtering av usemje mellom sensorar, og ekstern evaluering av vurderingsordningane.* (kap 4.2)

Behov for felles reglar

Arbeidsgruppa tilrår at det blir innført felles reglar om sentrale spørsmål. Slike reglar kan innførast ved at institusjonane med utgangspunkt i tilrådde retningslinjer frå UHR innarbeider reglane i sine forskrifter eller ved at det blir fastsett ei sentral forskrift av Kunnskapsdepartementet etter tilråding frå UHR. Kva framgangsmåte som skal nyttast, bør vurderast etter høyringsrunden i sektoren. (kap 4.3)

NOKUT

NOKUT arbeider med ein ny tilsynsmodell der det kan bli lagt større vekt på vurdering av sensurordningar og karakterbruk i institusjonane sitt arbeid med kvalitetsutvikling og kvalitetssikring. Arbeidsgruppa ser dette som eit viktig ledd i arbeidet med samordning av karakterbruken. (kap 4.4)

Kostnader ved intern og ekstern sensur

Ei samla vurdering av kostnadene ved ekstern versus intern sensur viser at det ikkje er vesentlege skilnader i kostnadene mellom intern og ekstern sensur. Medrekna sosiale kostnader er som hovudregel intern sensur meir ressurskrevjande enn ekstern. Ein utvida bruk av ekstern sensur, treng ikkje å føre til auka kostnader for institusjonane, men det vil kreve ein del budsjetttilpassingar. (kap 5.1.5)

Kostnader ved å auke talet på sensorar

Talet på emne der det blir nytta berre éin sensor, varierer mellom institusjonane. Kostnadene ved å innføre minstekrav til talet på sensorar vil difor også variere. For nokre institusjonar vil minstekravet ikkje bety auke, medan dei som i stor grad nyttar berre éin sensor, vil få ein del auka kostnader. Institusjonane bør klårgjere dette i høyringsrunden. (kap 5.2)

Kostnader ved samordning av sensurarbeidet

Kostnadene ved dei fire nasjonale konferansane i 2016 er anslått til kr 1,2 millionar. Dei kan dekkast gjennom deltakaravgift, alternativt ved at UHR søker om å få dekkast kostnadene som prosjektkostnader frå Kunnskapsdepartementet. Kostnadene for lokale samlingar bør finansierast innafor institusjonane sine ordinære budsjett. (kap 5.3)

Forslag om felles reglar om sensurordningar

Arbeidsgruppa tilrår felles reglar om sensurordningar der minstekrav til ekstern sensur og minstekrav til talet på sensorar er hovudpunkt. Minstekrava vil innebere ei mindre utviding av talet på sensorar og omfanget av ekstern sensur. (kap 6.1)

Sensurordningar og kvalitetssystem

For å få ein god felles praksis, tilrår arbeidsgruppa at følgjande spørsmål blir innarbeidde i institusjonane sine kvalitetssystem: minstekrav til talet på sensorar og omfanget av ekstern sensur, deltaking i nasjonal samordning av karakterbruk og sensurarbeid og evaluering av vurderingsordningane. (kap 6.2)

Iverksetjing og oppfølging

Felles reglar om sensur bør iverksetjast frå og med hausten 2016 gjennom ei felles forskrift eller ved at institusjonane innarbeider reglane i sine forskrifter. Hovudprinsippa bør innarbeidast i institusjonane sine kvalitetssystem.

Nasjonale og lokale sensorsamlingar bør planleggast av UHR i samråd med nasjonale rådsorgan i løpet av tredje kvartal 2015. Arbeidet med å få til prøveordningar med nasjonale sensorkorps bør foregå parallelt med arbeidet med dei nasjonale sensorsamlingane. (kap 7)

3. Sensurordningar

3.1 Lov og reglar

I § 3-9 i universitets- og høyskolelova om *eksamen og sensur* heiter det m.a.:

(1) *Universiteter og høyskoler skal sørge for at kandidatenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte. Vurderingen skal også sikre det faglige nivå ved vedkommende studium. Det skal være ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene.*

(2) *Styret oppnevner sensor ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering når resultatet inngår på vitnemålet eller innregnes i karakter for vedkommende studium. Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved bedømmelse av kandidatenes selvstendige arbeid i høyere grad.*

(5) *Ved ny sensurering etter §§ 5-2 og 5-3 benyttes minst to nye sensorer, hvorav minst én ekstern. Endring kan gjøres både til gunst og ugunst for klager. Hvis den endelige karakter er fastsatt på grunnlag av både skriftlig og muntlig prøve og klager får medhold i klage på sensuren over den skriftlige del av eksamenen, holdes ny muntlig prøve til fastsetting av endelig karakter.*

Kravet i lova er altså at det skal vere minst éin ekstern sensor ved vurderinga av sjølstendig arbeid i høgare grad og ved ny sensurering i klagesaker. Det skal vidare vere ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordninga.

Styret oppnemner sensor ved vurderingar der resultatet inngår på vitnemålet. Dette kan delegerast til andre styringsorgan, noko som er praksis ved dei fleste institusjonane.

3.2 Vurderingsordningar

Ulike vurderingsordningar/-former har vore nytta i lang tid, og praksis har variert mellom profesjonsfag og disiplinbaserte fag og mellom høgare og lågare grad. Den viktigaste forma for tilbakemelding og vurdering har likevel vore tradisjonell individuell skuleeksamen av varierende omfang. I samband med Kvalitetsreforma vart det i større grad teke i bruk ulike typar vurderingsformer eller -ordningar.

Dei mest brukte vurderingsordningane er:

- skriftleg individuell eksamen («skuleeksamen»)
- heimeeksamen med ein fastsett frist
- heimeeksamen kombinert med munnleg eksamen
- semesteroppgåve med rettleiing
- bacheloroppgåve med rettleiing
- prosjektarbeid
- munnleg eksamen
- mappinnleveringar, evt kombinert med munnleg
- laboratoriekurs (kan inngå i mappinnlevering eller andre eksamenar)
- praksis, eventuelt kombinert med obligatoriske oppgåver
- praktiske prøver
- vurdering av om studenten er skikka (innafor profesjonsretta studium)

Eksamen er som regel individuell eksamen, men det blir også nytta gruppeeksamen, både ved skriftleg og munnleg eksamen. Bacheloroppgåver og prosjektarbeid blir gjennomført som gruppeeksamen ved ein del institusjonar.

Digital eksamen blir prøvd ut ved fleire institusjonar. Det treng ikkje ha betydning for vurderingsordningane, men digital eksamen kan gjere det praktiske sensurarbeidet, særleg ekstern sensur, enklare.

Til fleire av vurderingane kan det vere knytt obligatoriske arbeidskrav i form av deltaking i seminar, innlevering av eit visst tal oppgåver som må vurderast til bestått, eller frammøte til rettleiing. Desse arbeidskrava blir som regel godkjende av fagleg ansvarleg for dei ulike emna.

Vurdering av om studenten er skikka, skal foregå gjennom heile studiet, og det er ein viktig del i vurderinga av praksisstudiet.

Ut frå lovreglane er det ikkje krav om ekstern sensor på lågare grad, men i praksisstudia er det praksisrettleiarar som deltek i vurderingsarbeidet. Dei er eksterne i den forstand at dei som regel ikkje er tilsette ved utdanningsinstitusjonane, men dei har likevel tilknytning til dei aktuelle utdanningsprogramma.

Mange institusjonar nyttar ekstern sensor på nokre eller alle eksamenane på lågare grad, men det er skilnader mellom institusjonane og mellom fagområda. Dette blir omtala i pkt 3.3 nedanfor.

I prinsippet kan det nyttast ekstern sensor ved dei fleste vurderingsformene. I praksisstudium er det likevel slik at rettleiar og faglærar skal fylgje studentane gjennom heile studiet, og ekstern sensor måtte eventuelt knytast til ein deleksamen der praksislæringa blir vurdert.

Innafor fleire fagområde har det vore stilt spørsmål ved om det bør vere obligatorisk med ekstern sensor ved vurdering av bacheloroppgåver. Her er det ulik praksis ved institusjonane.

Samanlikna med situasjonen før kvalitetsreforma, er det fleire mindre emne og dermed fleire eksamenar. Ved mange institusjonar var semestereiningar minste omfang av eit emne medan emna no som hovudregel er 7,5, 10 eller 15 studiepoeng. Dette har ført til større omfang av eksamensarbeidet, og det har vore éin av grunnane til at det er blitt meir krevjande å ha eksterne sensorar på alle emne. Ei anna årsak er at vurderingsformene er lagde ein del om, og nokre av dei er prosessuelle med tilbakemeldingar undervegs. Læring og vurdering blir knytt nærare saman, og det kan vere vanskelegare å nytte ekstern sensor i vurderinga i alle emna.

3.3 Omfanget av ekstern sensur

I diskusjonen om oppfylgning av SØF-rapporten om *Karakterbruk og kvalitet i høgare utdanning* blir utvida bruk av ekstern sensur¹ rekna som eit verkemiddel for å harmonisere karakterbruken og redusere skilnadene mellom institusjonane.

Sensurordninga var drøfta i stortingsmeldinga om Statusrapport for kvalitetsreformen i 2007-2008. Departementet ville vurdere å kartlegge bruken og omfanget av ekstern sensur på lågare grad. På grunnlag av denne kartlegginga ville spørsmålet om meir bruk av ekstern sensur bli vurdert.

Etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet er omfanget og bruken av ekstern sensur på lågare grad kartlagt av NIFU STEP i Rapport 21/2009, heretter kalla NIFU-rapporten. NIFU-rapporten er frå 2009, og arbeidsgruppa vurderer det som unødvendig å gjennomføre ei omfattande ny kartlegging av sensurpraksis.

¹ Ekstern sensor er definert slik i kap 6: *Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling og heller ikkje ha hatt engasjement som timelærar for det aktuelle eksamenskullet*

I NIFU-rapporten er sensurpraksis innan ulike fagområde ved 31 lærestader kartlagt. Kartlegginga viser at det er ein del variasjonar mellom fagområda og at det er ulike typar sensurpraksis. Tabellen nedanfor er henta direkte frå rapporten (s. 25). Den viser omfanget av ulike typar sensurpraksis på ulike fagområde.

Tabell 1. Omfang av ulike typar sensurpraksis i 2008 på lågare grad ved 31 lærestader etter fagområde. Prosent

	Fagområde ²					
	HS-fag	MNT-fag	SV-fag	HF-fag	PLU	Andre fag
Berre intern (e) sensor(ar)	67	48	43	44	45	50
Intern og ekstern på nokon av eksamenane	92	83	96	100	86	83
Berre eksterne sensorar	63	52	43	38	50	46
Tilsynssensor	46	39	43	44	36	42
Tal (N)	24	23	23	16	22	24

Fleire svar innafor kvart fagområde er mogleg og summen blir over 100 prosent. Ikkje alle lærestader har alle fagområda, og N blir difor mindre enn 31.

Vi ser at ein kombinasjon av intern og ekstern sensor er den mest brukte ordninga, men det er og mange tilfelle der det berre blir nytta interne sensorar eller berre eksterne sensorar.

Innafor helse- og sosialfag er det 67 prosent av institusjonane som har emne der ein berre nyttar interne sensorar. Innafor dei andre fagområda er omfanget mindre, lågast innan SV-fag med 43 prosent.

Ein kombinasjon av intern sensor og ekstern på ein eller fleire av eksamenane blir nytta ved 83 til 100 prosent av institusjonane. Det kan vere ei rullerande ordning med ekstern sensur på enkeltemne, og det kan vere ekstern sensur på visse typar oppgåver.

«Berre eksterne sensorar» betyr at det er nytta ekstern sensor i alle emna innafor fagområdet, men gjerne saman med intern sensor.

Ordninga med tilsyns-/programsensur er ei ny ordning som vart innført ved nokre institusjonar i samband med Kvalitetsreforma. Ordninga er omtala nærare i kapittel 3.4 nedanfor. Tabellen viser at ordninga er nytta i mindre grad enn andre typar sensur.

I NIFU-rapporten er det også undersøkt om det er skilnader mellom ulike institusjonstypar, og rapporten har materiale frå universitet, statlege vitskaplege høgskolar og statlege høgskolar. Det er liten skilnad mellom institusjonstypane når det gjeld bruken av ekstern versus intern sensor, medan det er store skilnader med omsyn til omfanget av tilsynssensurordninga. Den er lite nytta ved statlege høgskolar, 24 prosent har ordninga, medan 78 prosent av universitet og vitskaplege statlege høgskolar har ei slik ordning.

Det er også undersøkt i kor stor grad sensorordningane er knytta opp til institusjonane sine kvalitetssikringssystem. Konklusjonen er at «gammal ordning» og ulike kombinasjonar av intern

² HS-fag = helse- og sosialfag, MNT-fag = matematisk-naturvitskaplege fag, ingeniørfag og teknologi, SV-fag = samfunnsfag, HF-fag = humanistiske fag, PLU = pedagogikk og lærarutdanning

og ekstern sensur i større grad enn ordningane med berre intern sensor og tilsynssensor er knytt opp mot kvalitetssystema ved lærestadene innafor dei fleste fagområda.

NIFU-rapporten har ikkje data for i kor stor grad det blir nytta berre éin sensor, intern eller ekstern. Gjennomgangen av kvalitetssystema i kapittel 4 viser at det blir nytta berre éin sensor i ein viss grad, som oftast intern. Fleire institusjonar har ordningar der ein medsensor, intern eller ekstern, vurderer ein del av besvarelsane eller deltek i utforming av oppgåver og sensorrettleiingar. Nokre institusjonar har eit fastlagt system der talet på sensorar kan veksle frå år til år.

3.4 Ordninga med tilsynssensor/programsensor

I UH-lova er det fastsett at det skal vere ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane. Ved nokre institusjonar er det innført ei ordning med tilsyns-/programsensor, som m.a. er tillagt denne funksjonen. Andre institusjonar har andre ordningar som er fastsette i kvalitetssystema eller i forskriftene om studium.

Tilsyns-/programsensor har ein sentral plass i studiekvalitetsarbeidet ved dei institusjonane som har innført ordninga og har m.a. følgjande oppgåver:

- vurdere opplegg og gjennomføring av eit studieprogram
- vurdere undervisnings- og læringsformer
- føre tilsyn med vurderingsformer og vurderingsprosessar
- vurdere om eksamensoppgåver er tilpassa læringsmåla for eit studium
- vurdere nivået på studentprestasjonane og bruken av karakterskalaen
- gje råd om vidareutvikling av vurderingsordningane og studieprogrammet

Tilsynssensor/programsensor skal rapportere regelmessig til fakultet/institutt/program. Desse rapportane er grunnlagsmateriale for studiekvalitetsrapportane på ulike nivå.

Som regel skal tilsyns-/programsensor ikkje delta direkte i sensurarbeidet, men dei kan vurdere eksamensoppgåver og uttale seg om karaktersetjinga generelt eller på enkelte oppgåver som ein del av dei regelmessige rapportane.

Omfanget av ordninga er kartlagt i NIFU-rapport 21/2009, og materialet viser at knapt halvparten av institusjonane har ei slik ordning. Ordninga er meir utbreidd ved universitet og vitskaplege høgskolar enn ved dei ordinære statlege høgskolane. Oppgåvene varierer, nokre arbeider med overordna spørsmål i faget medan andre vurderer alle sider ved eit studieprogram, inkludert karaktersetjing.

Arbeidsgruppa er kjent med at Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Oslo og Akershus og Høgskolen i Sør-Trøndelag arbeider med å utvikle ein samarbeidsmodell om ordning med tilsynssensor innafor ingeniørutdanninga. Ein slik modell kan gje grunnlag for nasjonal samordning av vurderingsordningar og sensurpraksis.

Arbeidsgruppa har gått gjennom ein del rapportar³ frå tilsynssensor/programsensor og vurderer det slik at ordninga kan vere nyttig som ledd i kvalitetsarbeidet innafor fag og program. Den kan også bidra til harmonisering av karakterbruk, men dette er ikkje hovudføremålet med ordninga. Arbeidsgruppa er i tvil om denne ordninga vil vere eit effektivt verkemiddel for å oppnå sterkare harmonisering i karakterarbeidet.

³ Rapportar er innhenta frå Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Oslo og Akershus, Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo

3.5 Samordning av sensurarbeidet

Ulike former for samordning av karakterbruken og sensurarbeidet har vore praktisert gjennom dei nasjonale rådsorgana, m.a. i samband med karakterrapportar og -konferansar. Følgjande er gjennomført:

- karakterpanel (fagråd/nasjonale råd/profesjonsråd) eller nasjonale kommisjonar har vurdert karakterbruken innan sine fagområde. Totalt er det utarbeidd 127 rapportar frå karakterpanel. Dei fleste av desse har vurdert karaktersetjinga på masterarbeid
- åtte nasjonale karakterrapportar er utarbeidd av UHRs analysegruppe. Rapportane byggjer på rapportar frå karakterpanela og data frå DBH. Rapportene er sende til institusjonane og dei nasjonale rådsorgana, og dei er presenterte på karakterkonferansar
- UHR har arrangert ni karakterkonferansar med presentasjon av karakterrapportar og innleiingar om sentrale problemstillingar, herunder karaktersystema i andre land
- i 2010 arrangerte UHR ein temakonferanse om sensorordningar
- ei arbeidsgruppe har vurdert karaktersetjinga på masternivå, herunder om det burde innførast ein eigen skala for masternivået. Grappa konkluderte med at det ikkje burde innførast eigen skala, men tilrådde at det vart utarbeidd fagspesifikke karakterbeskrivelsar for masterarbeid, som eventuelt kunne nyttast også for bachelorarbeid
- i 2009-2010 vurderte dei nasjonale råda å innføre fagspesifikke karakterbeskrivelsar for masterarbeid. Det vart utarbeidd nye fagspesifikke karakterbeskrivelsar i 21 fag, medan 12 fag konkluderte med at det ikkje var behov for eigne eller nye fagspesifikke beskrivelsar
- fakultetsmøtet for realfag og Nasjonalt råd for teknologutdanning har utarbeidd felles karakterbeskrivelsar for masterarbeid og retningslinjer for sensurering. Desse vart innførte frå og med hausten 2012. Eventuelle effektar kan vurderast når data for 2014 er tilgjengelege
- nasjonalt råd for teknologiutdanning har utarbeidd felles karakterbeskrivelsar og vurderingskriterium for bachelorarbeid i ingeniørfag, som skal nyttast frå og med våren 2014
- nasjonalt råd for økonomisk-administrativ utdanning (NRØA) vedtok i juni 2014 retningslinjer for karaktersetjing av masteroppgåver, som skal gjelde for oppgåver som blir leverte frå og med våren 2015. 15–20 masteroppgåver skal kontrollsensurerast av ei eiga sensurgruppe kvart år
- NRØA har vidare vedteke eigne karakterbeskrivelsar for bacheloroppgåver i økonomi og administrasjon

Hovudvekta har vore lagt på vurdering av karakterbruken, men arbeidet med karakterbeskrivelsar og retningslinjer for sensurering er blitt tillagt større vekt dei siste åra.

Analysen av og drøftingane om karakterbruken har nok gitt større forståing for bruken av karakterskalaene, men det synest ikkje som det har ført til særlege endringar i karaktersetjinga. Skilnadene mellom institusjonar og fagområde ser ut til å halde seg, og SØF-rapporten peikar på tendensar til relativ karaktersettjning. I diskusjonen om oppfylging av SØF-rapporten har det i tillegg til utvida bruk av ekstern sensur, vore foreslått å organisere samlingar der sensorar innafor fag eller fagområde møtast og drøftar bruken av karakter-skalaen i eigne fag.

Sjølv om bruken av ekstern sensur blir utvida, er det ikkje nok for å få ei sterk samordning på tvers av alle institusjonane. Eksterne sensorar ved ein institusjon kan vere henta frå ein eller nokre få institusjonar, og vi kan såleis ikkje tale om nasjonale sensorkorps. Eksterne sensorar

bidrar til samordning mellom dei institusjonane som utvekslar sensorar, men dersom det skal få effekt for heile fagområdet, krevst det meir omfattande samordning.

Sensorsamlingar kan gje grunnlag for ei sterkare samordning av sensurarbeidet. Det vil imidlertid bli både omfattande og ressurskrevjande om ein skal samle alle sensorar – eksterne og interne – innafor alle faga, og det bør vurderast om ein kan ha ein kombinasjon av felles og fagspesifikke samlingar, eventuelt i ein kombinasjon av nasjonale og lokale samlingar. UHR og dei nasjonale rådsorgana kan stå for dei nasjonale samlingane medan institusjonane, enkeltvis eller i samarbeid, kan stå for lokale samlingar. Sensorsamlingar kan også sjåast som ledd i opplæring av sensorar.

Arbeidsgruppa skisserer eit slikt opplegg nedanfor:

Frå og med 2016 blir det halde årlege nasjonale sensorsamlingar med hovudvekt på diskusjon av konkret sensurarbeid, karakterbeskrivelsar i høve til læringsutbyttebeskrivelsar og retningslinjer for sensurering.

Målgrupper for desse samlingane bør vere

- sensorar
- leiarar, sekretærar og medlemmer i institusjonane sine studieutval på ulike nivå
- leiarar, sekretærar og medlemmer i nasjonale rådsorgan

Samlingane kan organiserast med deltakarar frå fagområde med felles eller nærslekta problemstillingar, og dei kan eventuelt ha ein kombinasjon av plenums- og fag/fagområdesamlingar. For at omfanget ikkje skal bli for stort, bør det haldast fleire samlingar innafor eitt år, alternativt kan ein lage ein syklus over 4-5 år, slik det er gjort for karakterundersøkingane i 2012 – 2016. Arbeidsgruppa tilrår at det blir halde fire nasjonale samlingar i 2016. UHR i samråd med dei nasjonale rådsorgana bør stå for organiseringa og fordeling av fag/fagområde på dei ulike samlingane.

Dei nasjonale samlingane bør fylgjast opp med samlingar ved den enkelte institusjon eller for fleire institusjonar innafor regionane. UHR bør utarbeide ein felles mal for dei lokale opplegga.

3.6 Nasjonale sensorkorps

På UHRs karakterkonferanse 24.oktober 2014 vart det referert til ei ordning med nasjonale sensororgan eller sensorkorps innafor ergoterapeututdanninga i Danmark.

Dette kan vere ei interessant ordning, som også kan utprøvast i Noreg. Arbeidsgruppa tilrår at det som ei prøveordning blir oppretta nasjonale sensorkorps innafor tre fagområde etter følgjande opplegg:

- fakultetsmøta og dei nasjonale rådsorgana blir inviterte til å melde inn fag som kan vere med i eit sensorkorps på lågare grad, totalt tre fag med verknad frå hausten 2016
- sensorkorpsset skal stå for ekstern sensur innafor to-tre sentrale emne i dei aktuelle faga
- sensorkorpsset utarbeider ein kort karakterrapport for kvart semester
- ordninga blir søkt finansiert med prosjekttilskot frå Kunnskapsdepartementet
- ordninga blir evaluert etter to semester

3.7 Nasjonale deksamemar

Kunnskapsdepartementet har gitt NOKUT i oppdrag å gjennomføre eit pilotprosjekt med nasjonale deksamemar.

Det er planar om å gjennomføre piloten innafor følgjande utdanningar:

- matematikk i grunnskolelærerutdanningane, trinn 1-7 og trinn 5-10
- anatomi og fysiologi i bachelorgradsstudiet i sjukepleie
- revisjonsfag i bachelorgradsstudiet i rekneskap og revisjon

Føremålet med prosjektet er å skaffe informasjon om studentane sitt kunnskapsnivå, å gje fagmiljøa moglegheit til å samanlikne seg med tilsvarende fagmiljø ved andre institusjonar og dermed grunnlag for utvikling, og å bidra til auka tillit til utdanningane i samfunnet.

Deksamemane kan vere ein del av ein eksamen, som tel i vurderinga av eit emne eller deler av eit emne, eller dei kan vere eksamenar utanom dei ordinære vurderingane. Det er føresett at deksamemane skal vere obligatoriske. Det er førebels ikkje fastlagt om resultatata skal komme på vitnemålet for den enkelte student.

Deksamemane og prosjektet skal etter planen gjennomførast i løpet av 2015.

Arbeidsgruppa er kjent med at det i samband med nasjonalt studieplanarbeid i medisin blir drøfta å teste ut nasjonal delprøve innafor ein del av eitt fagområde. Den skal eventuelt vere obligatorisk for alle på eit gitt kull, men prøveresultatet skal ikkje stå på vitnemålet.

Tidspunkt, form, innhald og formalia skal utgreiast nærare.

Erfaringane frå pilotprosjekta kan få betydning for heile sektoren, og det blir viktig å vurdere desse grundig. Arbeidsgruppa finn det ikkje naturleg å knyte kommentarar til pilotprosjekta i denne fasen, men vil vise til at UHRs analysegruppe for karakterbruk i UH-sektoren har peika på nasjonale prøver som eit mogleg tiltak for oppfylgning av SØF-rapporten⁴. Det var her vist til rapport frå karakterpanel i samfunnsøkonomi, som var omtala i karakterrapporten for 2012.

⁴ Som ledd i karakterundersøkinga i 2012 vurderte eit karakterpanel under Nasjonalt fagråd for samfunnsøkonomi 16 eksamensbesvarelsar som hadde fått karakteren E ved eksamen. Besvarelsane var henta frå innføringskurs i mikroøkonomi ved 8 institusjonar (UiT, UMB, UiB, BI, NHH, UiS, UiO, NTNU).

Karakterpanelet fann at det var stor variasjon i eksamenstid, struktur og tillatne hjelpemidlar. Samanlikninga av besvarelsane var derfor vanskeleg, og det vart gjennomført ei samanlikning av besvarelsar frå institusjonar som hadde om lag same opplegg. Karakterpanelet vurderte nokre av besvarelsane til F og peika på at det kunne vere systematisk skilnad mellom institusjonane med omsyn til kvar grensa mellom E og F gjekk. Undersøkinga vart imidlertid vurdert som eit for spinkelt grunnlag, men karakterpanelet ga uttrykk for at variasjonen kunne tilseie at ein burde fylgje opp med ei meir grundig undersøking.

Karakterpanelet viste vidare til eit debattinnlegg (av professor Finn Jørgensen i Dagens næringsliv) der det var tatt til orde for nasjonale prøver i basisfag i bachelorstudiet i økonomi og administrasjon og stilte spørsmål ved om det også kunne vere interessant å vurdere det for innføringskurs i mikroøkonomi.

4. Sensurordningar og kvalitetssystem

Ein del av mandatet for arbeidsgruppa er å vurdere forholdet mellom sensurordningane og institusjonane sine kvalitetssystem. Arbeidsgruppa gir her ein kort oversikt over status og drøftar om ei sterkare forankring i kvalitetssystema kan bidra til harmonisering av karakterbruken innafor høgare utdanning.

4.1 Kvalitetssystem og utfyllande reglar

I NIFU-rapporten frå 2009 er det kartlagt i kva grad dei ulike sensurordningane på lågare grad er knytt til kvalitetssikringssystema ved institusjonane. Det er ein del skilnader mellom ulike ordningar og ein del variasjonar mellom fagområda: bruk av både intern og ekstern sensor er i størst grad knytt til kvalitetssikringssystema (ved om lag 65 prosent av dei institusjonane som er kartlagt), medan ordningar med berre éin eller fleire interne sensorar er knytte til kvalitetssikringssystema ved om lag 40 prosent av institusjonane.

Arbeidsgruppa har innhenta materiale om kvalitetssystema ved ti institusjonar. I tillegg er kopi av reglane om sensur i forskriftene til dei fleste institusjonane samla i vedlegg 3. Dette materialet stadfester det biletet som NIFU-rapporten gir.

Institusjonane har reglar om sensur dels i kvalitetssystema, og dels i forskrifter om studium, eksamenar og sensur. Ved nokre institusjonar inneheld kvalitetssystema overordna reglar om sensur, og det blir vist til utfyllande reglar, som kan vere fastsette sentralt eller på avdelingsnivå, når det gjeld spesifiserte retningslinjer. Nokre institusjonar har ikkje omtale av sensurordningane i kvalitetssystema, men viser til utfyllande reglar. Ordninga med tilsyns-/programsensor er som regel omtala i kvalitetssystema, men også her blir det vist til utfyllande retningslinjer eller delegert til lågare nivå å fastsetje detaljerte reglar.

I praksis er forskrifter og utfyllande retningslinjer knytte til kvalitetssystema ved institusjonane, og dermed blir også sensurordningane i praksis knytte til kvalitetssystema. Dette bør gjerast tydelegare ved at hovudprinsipp, t.d. minstekrav for ekstern sensur, inngår i dei sentrale kvalitetssystema ved alle institusjonar. Dette blir drøfta i kapittel 6.2.

4.2 Reglar om sensur

Nedanfor blir ulike sider ved sensurordningane som er fastsette i institusjonane sine sentrale kvalitetssystem eller i forskriftene, lista opp. Kopi av reglane om eksamen og sensur i institusjonane sine forskrifter er samla i vedlegg 3 til rapporten.

Det detaljerte materialet viser at det er store skilnader mellom institusjonane med omsyn til kor spesifiserte reglane er og på kva nivå reglane er fastsette. Arbeidsgruppa vurderer følgjande spørsmål som sentrale:

- bruk av sensorretteiingar
- kvalifikasjonskrav til sensorar
- minstekrav til talet på sensorar
- definisjon av ekstern sensor
- minstekrav til ekstern sensur
- oppnemning av sensorar
- handtering av usemje mellom sensorar
- ekstern evaluering av vurderingsordningane

Tilrådingar i desse spørsmåla blir gitt i kapittel 6.1. Nedanfor skal vil vi sjå nærare på kva reglar institusjonane har om *talet på sensorar og ekstern sensur*.

4.2.1 Talet på sensorar

Mange institusjonar har krav om at det skal vere to sensorar ved munnleg eksamen og andre prøver som ikkje lar seg etterprøve. Nokre institusjonar har krav om at det skal vere minst to sensorar ved alle eksamenar. Det siste er gjerne kombinert med krav om at det skal vere ekstern sensur etter ein fastsett syklus, t.d. minst kvart tredje år.

Dei som ikkje har krav om to sensorar, kan ha ordningar der det er ein medsensor, intern eller ekstern, som vurderer ein del av besvarelsane og/eller utforminga av eksamensoppgåver og eventuelle vurderingskriterium. Det er også høve til å nytte berre éin intern sensor på nokre emne. Det kan vere eksamenar eller prøver der det berre er éitt rett svar, t.d. fleirvalstestar, men det kan også vere generelt. Vurderingsordningane skal godkjennast etter ekstern evaluering eller tilråding frå program-/tilsynssensor.

Nokre institusjonar har fastsett at det skal vere to sensorar, intern og ekstern på bachelorarbeid (bacheloroppgåve, prosjektarbeid, fordjupingsemne). Dette vart også tatt opp av fleire karakterpanel i samband med karakterundersøkinga i helse- og sosialfag i 2013.

NIFU-rapporten har ikkje anslag over i kor mange emne det blir nytta berre ein sensor. Det er tidkrevjande å kartlegge, sidan institusjonane ikkje har nøyaktig oversikt over dette, og arbeidsgruppa har difor avgrensa seg til å innhente informasjon frå nokre program/emne i samband med kartlegginga av kostnadene ved ekstern sensur. Materialet indikerer at talet på sensorar per besvarelse, kan variere frå 1,2 til 2. Dette er omtala nærare i kapittel 5.2 og i vedlegg 2.

Arbeidsgruppa tilrår at det blir fastsett eit minstekrav for talet på sensorar. Det blir drøfta nærare i kapittel 6.1.

4.2.2 Ekstern sensur

I forskriftene er omfanget av ekstern sensur ofte fastsett som ei rullering knytt til talet på sensorar. Det kan også vere knytt til at ein minsteandel av besvarelsane skal vurderast av ekstern sensor og/eller at eksterne skal vere med å vurdere eksamensoppgåver og eventuelle vurderingskriterium. Samla er det eit betydeleg eksternt innslag ved sensurering og eksamen, men det er store skilnader mellom institusjonane, og arbeidsgruppa tilrår at det blir fastsett eit minstekrav for bruken av eksterne sensorar. Dette blir drøfta nærare i kapittel 6.1.

Sensurordningane ved praksisopplæring er lite omtala i forskriftene. Her har det vore etablert ordningar der praksisrettleiari saman med faglærer/emneansvarleg står for vurderinga. Praksisrettleiarar kan vere knytte til institusjonane på ulike måtar og vil såleis ikkje vere eksterne etter ein streng definisjon. Arbeidsgruppa vurderer det slik at dette er ein god praksis, men det kan vere nyttig å presisere ordninga i reglane for sensur.

4.3 Behov for felles reglar?

Institusjonane har ein del ulike ordningar og dei kan vere fastsette på ulike nivå. Det bør det også vere høve til. Utfordringa er korleis vi kan få til ein god felles praksis for sensur og karaktersetjing med sikte på sterkare nasjonal samordning av karakterbruken. Det tilseier at ein nasjonalt bør ha felles reglar på ein del sentrale punkt, eventuelt formulert som minstekrav.

Arbeidsgruppa tilrår at det blir innført felles reglar for dei punkta som er lista opp i kapittel 4.2. I tillegg bør det også vere med eit punkt i nasjonal samordning.

Reglane om sensurordningar er i dag som regel fastsette i *forskrifter*, vedtekne av styra ved institusjonane. Dei er samla i Lovdata og presenterte saman med sentrale forskrifter fastsette av Kunnskapsdepartementet.

Felles reglar kan innførast ved at institusjonane med utgangspunkt i tilrådde retningslinjer frå UHR innarbeider slike reglar i sine forskrifter, eller ved at det blir fastsett ei sentral forskrift av Kunnskapsdepartementet etter tilråding frå UHR. Ei sentral felles forskrift vil ha den føremonen at ho gir god oversikt over kva ordningar vi har innafor sektoren, og det vil vere arbeidssparande for institusjonane. Kva framgangsmåte som skal nyttast, bør vurderast etter høyringsrunden i sektoren.

Arbeidsgruppa legg fram forslag om felles reglar for sensurordningar i kapittel 6.

4.4 NOKUT

NOKUT evaluerer kvalitetssikringssystema ved institusjonane. I samband med evalueringsrapportane skal institusjonane dokumentere systema for kvalitetssikring av utdanninga. Eksamens- og sensorordningar inngår ikkje eksplisitt i NOKUT sine evalueringskriterium, og desse ordningane har til no blitt lite vektlagde i materialet frå institusjonane og i NOKUT sine evalueringsrapportar.

Arbeidsgruppa er kjent med at NOKUT arbeider med ein ny tilsynsmodell og at det der kan bli lagt større vekt på vurdering av sensurordningar og karakterbruk. Sidan karaktersettingspraksisen synest å vere for ulik både innad i institusjonane og mellom institusjonane (SØF-rapport nr. 03/13), kan ikkje karakterstatistikk brukast som del av ein indikator på kvaliteten i ei utdanning. Pilotprosjekta med nasjonale deleksamenar, jamfør kapittel 3.7, kan bidra til kalibrering av karaktersetjinga, og karakterstatistikkar kan dermed få større betydning i vurdering av kvaliteten på utdanningar.

Arbeidsgruppa ser det som naturleg at vurdering av karakterbruken inngår i kvalitetssikringssystema, og arbeidsgruppa ser det som positivt at NOKUT legg større vekt på dette.

5. Budsjettmessige konsekvensar

Arbeidsgruppa skal utgreie budsjettmessige konsekvensar for institusjonane av ulike former for sensorordningar. Det er både eit spørsmål om kostnader ved eksterne versus interne sensorar og kostnadene ved ein eller fleire sensorar. Arbeidsgruppa har også drøfta ei sterkare samordning av sensorarbeidet i form av sensorsamlingar og nasjonale sensororgan. Slike tiltak vil også ha budsjettmessige konsekvensar, som blir drøfta i dette kapitlet.

5.1 *Kostnader ved ekstern og intern sensur*

I NIFU-rapporten er sensurpraksis og kostnader drøfta i kapittel 4. Rapporten byggjer på intervju med studieleiingar ved ti utvalde institusjonar. Det er ulike oppfatningar om samanhengen mellom sensorordning og økonomi, men hovudoppfatninga er at ekstern sensur er ei svært kostnadskrevjande ordning. Det er ikkje sensorhonorara, men utgifter til reiser og opphald, som blir rekna som mest kostnadskrevjande.

NIFU-rapporten inneheld ikkje konkrete berekningar, og det blir vist til at tidsbruken for interne og eksterne sensorar i liten grad har vore i fokus ved vurderinga av kostnadene. Arbeidsgruppa har her henta inn materiale om kostnadene innafor ulike utdanningar ved 17 institusjonar, med særleg vekt på kostnadene ved å bruke eksterne sensorar.

5.1.1 Ulike typar kostnader

Det er i hovudsak tre typar av kostnader ved sensur:

- tidskostnad, løn til interne sensorar
- tidskostnad, honorar til eksterne sensorar
- reise og opphald for eksterne sensorar

I tillegg til direkte lønskostnader vil det komme sosiale kostnader. Desse er ein del ulike for interne og eksterne sensorar.

I tillegg er det ein tidskostnad knytt til administreringa av sensurarbeidet. Her kan det vere skilnader mellom bruken av interne sensorar og eksterne, og ein kan forvente at det er meir tidkrevjande å bruke eksterne sensorar.

Utgifter til reise og opphald kan delvis sparast inn ved bruk av videokonferansar og telefonsensur. Materiale frå institusjonane tyder på at dette er gjort i stor grad.

5.1.2 Lønskostnader for interne og eksterne sensorar

Internt sensur- og eksamensarbeid blir som hovudregel rekna som ein del av undervisningspliktene ved institusjonane, og dette arbeidet inngår i arbeidsplanar for fagleg tilsette. Kostnadene for internt sensurarbeid blir dermed lite synleg. Det kunne vore interessant å ha foretatt ei fullstendig kartlegging av kostnadene ved internt sensur- og eksamensarbeid, men det ligg utanfor arbeidsgruppa sitt mandat, og det vil vere eit svært omfattande arbeid. Arbeidsgruppa avgrensar seg difor til nokre rekneeksempel, som dels tek utgangspunkt i berekning av totale lønskostnader, der sosiale kostnader er medrekna og dels konkrete eksemplar frå nokre institusjonar. Rekneeksempla er vist i vedlegg 2.

Rekneeksempla i vedlegg 2 syner at totale lønskostnader for interne sensorar blir høgare enn for eksterne på grunn av skilnadene i sosiale kostnader, når tidsbruk og lønsnivå er likt. Ved

heilt lik tidsbruk og likt lønsnivå blir dei interne lønskostnadene 12,7 prosent høgare enn honorarkostnadene for eksterne sensorar. Dersom vi tar omsyn til at internt personale i tillegg til undervisnings- og eksamensarbeid har forskning og formidling som hovudoppgåver, og vi legg til timekostnadene for desse oppgåvene, blir lønskostnadene for internt tilsette betydeleg høgare enn for eksterne, der ein berre betaler for eksamensarbeidet. Forsking er imidlertid ei prioritert oppgåve, og tid til forskning er eit mål i seg sjølv.

I praksis kan ikkje løn til fagleg tilsette delast opp i form av timekostnader for enkeltoppgåver og omdisponerast, og ein kan difor ikkje utan vidare erstatte interne sensorar med eksterne.

5.1.3 Reisekostnader for eksterne sensorar

Reisekostnadene kan vere ein betydeleg tilleggskostnad ved bruk av eksterne sensorar. Det er vanskeleg å skaffe nøyaktige rekneskapsdata for reisekostnader ved sensur, og arbeidsgruppa har henta inn data om slike kostnader ved i alt 16 institusjonar.

Materialet tyder på at institusjonane har spart inn på reisekostnadene både ved val av vurderingsformer og ved å bruke video- og telefonsensur. Ved individuell skriftleg eksamen treng det ikkje vere reisekostnader, og det kan også gjelde andre eksamenstypar. I fleirtalet av dei emna som det er henta inn data for, er det ingen reisekostnader, men ved éin av institusjonane (Høgskolen i Nesna) var kostnader til reise og opphald høgare enn honorarkostnadene.

Totalt utgjer reisekostnadene tre prosent av honorarkostnadene i dei emna vi har data for. I rekneeksempel 1 i vedlegg 2, er lønskostnader inkludert sosiale kostnader for interne 12,7 prosent høgare enn honorar og sosiale kostnader for eksterne. Totalt blir då kostnadene for interne høgare enn for eksterne.

Dei utvalde emna treng ikkje vere representative når det gjeld reisekostnader, og det er variasjonar mellom program og institusjonar. Det synest likevel å vere grunnlag for å konkludere med at reisekostnadene for eksterne sensorar utgjer mindre enn 10 prosent av honorarkostnadene.

5.1.4 Andre kostnader

I tillegg til sensurarbeidet vil det vere ein tidskostnad knytt til administrasjon, som dels blir utført av fagleg tilsette og dels av administrativt personale. Her kan ein forvente at det går litt meir tid i høve til eksterne sensorar, ved kopiering og utsending av oppgåver og ved organisering. Dette blir ikkje vurdert som nokon vesentleg kostnad, særleg med tanke på at institusjonane er i ferd med å gå over til elektroniske sensureringsløyser.

5.1.5 Oppsummering

Ei samla vurdering av kostnadene ved ekstern versus intern sensur er at det ikkje er vesentlege skilnader i kostnadene mellom intern og ekstern sensur. Ein eventuell utvida bruk av ekstern sensur treng difor ikkje å føre til auka kostnader for institusjonane, men det vil kreve ein del budsjetttilpassingar. Utfordringa for institusjonane blir å sikre fleksible budsjettmidlar, slik at kostnadene ved ein balansert bruk av ekstern sensur kan finansierast.

Dersom ein større del av sensurarbeidet blir utført av eksterne, kan det gje innsparingar i intern arbeidstid, som kan nyttast til andre prioriterte oppgåver innan undervisning og studiekvalitetsarbeid, herunder samordning av og opplæring i sensurarbeid.

5.2 Kostnadene ved utviding av talet på sensorar

I bakgrunns materialet om kostnader og i forskriftene om sensorar framgår det at det i nokre emne berre blir nytta éin sensor, som regel intern. Det kan vere kombinert med at ein medsensor (intern eller ekstern) vurderer ein del av besvarelsane eller deltek i utforming av eksamensoppgåver og sensorretteiing.

Det er klårt at skilnaden i kostnader mellom det å bruke ein eller to sensorar er vesentleg større enn skilnaden mellom interne og eksterne.

Arbeidsgruppa har innhenta eit begrensa materiale frå institusjonane, som viser at talet på emne med berre ein sensor varierer frå 16 prosent til 57 prosent. Det er vanskeleg å gje eit nøyaktig overslag over kostnadene ved å innføre minstekrav til talet på sensorar sidan det er så pass store skilnader mellom institusjonane. For nokre institusjonar vil minstekravet ikkje bety auke, medan dei som i større grad nyttar berre éin sensor, vil få ein del auka kostnader. Institusjonane bør klårgjere dette i høyringsrunden.

5.3 Kostnader ved samordning av sensurarbeidet

Arbeidsgruppa tilrår at det i 2016 blir arrangert fire nasjonale sensorsamlingar og at desse blir kombinert med lokale samlingar i regionar eller ved den enkelte institusjonen. Samlingane har som føremål å få til betre samordning av karakterbruken. Dei kan også sjåast som ledd i opplæring av sensorar.

Totalt vil det vere betydelege kostnader ved dette opplegget, men også her er det ulike typar kostnader. Det er:

- kostnadene ved å arrangere dei nasjonale samlingane
- kostnadene ved lokale samlingar
- reisekostnader for deltakarar
- tidskostnader for innleiarar
- tidskostnader for deltakarar

Kostnadene ved dei nasjonale samlingane vil vere om lag som ved dei årlege karakterkonferansane som UHR har arrangert på Gardermoen eller i Oslo. Konferansen hausten 2014 hadde om lag 200 deltakarar. Den hadde ein totalkostnad på om lag kr 300 000, av dette betalte deltakarane kr 240 000.

For dei foreslåtte fire konferansane i 2016 reknar arbeidsgruppa med ein totalkostnad på 1,2 millionar kroner. Kostnadene kan dekkast gjennom deltakaravgift, alternativt ved at UHR søkjer om å få dekka kostnadene som prosjektkostnader frå Kunnskapsdepartementet.

Når det gjeld kostnadene for lokale samlingar og kostnadene for deltakarane, viser arbeidsgruppa til at det foregår eit kontinuerleg arbeid med kvalitetssikring og -utvikling innan høgare utdanning. Nasjonale og lokale konferansar er ledd i dette, og dei blir finansierte innafor institusjonane sine ordinære budsjett. I 2016 bør deltaking i nasjonale og lokale sensorsamlingar prioriterast. Arbeidsgruppa finn difor ikkje at det bør lagast egne budsjett for dette.

Den foreslåtte prøveordninga med nasjonale sensororgan i 2016-2017, blir foreslått finansiert av prosjektmidlar.

6. Tilrådingar frå arbeidsgruppa

Mandatet for arbeidsgruppa er å vurdere sensurordningane, herunder om det er behov for utvida bruk av ekstern sensur. Oppdraget er ledd i oppfylging av rapporten om *Karakterbruk og kvalitet i høgare utdanning (SØF-rapport nr. 3/13)*, og dei tiltaka som er vurderte skal ha som siktemål å få til ei sterkare samordning av karakterbruken på tvers av fag og institusjonar.

Hovudpunkta i tilrådingane frå arbeidsgruppa er:

- forslag om felles reglar med minstekrav for talet på sensorar og minstekrav til ekstern sensur
- forslag om samordning av sensurarbeidet gjennom nasjonale og lokale sensorsamlingar
- forslag om prøveordning med nasjonale sensorkorps

6.1 Forslag om felles reglar om sensurordningar

Arbeidsgruppa tilrår at det blir utarbeidd felles reglar om sensurordningar ved institusjonane innafor høgare utdanning med sikte på å utvikle ein god praksis som gir grunnlag for samordning av karakterbruken i sektoren.

Reglane som er fastsette i § 3-9 i universitets- og høgskolelova gjeld ved alle institusjonane og blir ikkje omtala her.

Med utgangspunkt i dei reglane som er fastsette ved ein eller fleire institusjonar drøftar arbeidsgruppa her fellesreglar i sentrale spørsmål om sensur.

Bruk av sensorrettleiingar

Sensorrettleiingar er nytta i stor grad i sektoren, men det er ikkje fastsett i reglane ved alle institusjonane. Sensorrettleiingar gir eit viktig grunnlag for karaktersetjing, og dersom det blir utarbeidd slike i alle emna, kan dei også gje godt grunnlag for samordning av karakterbruken.

Arbeidsgruppa tilrår at det blir utarbeidd sensorrettleiing til kvar eksamen.

Kvalifikasjonskrav for sensorar

Institusjonane har fastsett kvalifikasjonskravet på ulike måtar. Kravet er anten knytt til stillingsnivå, eller det er fastsett at kravet til kvalifikasjon er det same som kravet for å undervise i emnet. I tillegg er det som regel høve til å vurdere relevant yrkeserfaring som kvalifikasjonskrav.

Arbeidsgruppa tilrår at kravet til kvalifikasjon blir det same som kravet til å undervise i emnet, og at også særleg relevant yrkeserfaring kan godkjennast som kvalifikasjon.

Minstekrav til talet på sensorar

Dei fleste institusjonane har som hovudregel at det skal vere minst to sensorar på munnleg eksamen og på andre eksamenar som ikkje lar seg etterprøve. På skriftleg eksamen er det ulik praksis, og i mange tilfelle blir det nytta berre ein sensor, som regel intern. Det kan vere kombinert med at ein medsensor, intern eller ekstern, vurderer ein del av besvarelsane. Institusjonane sine forskrifter og det materialet som er innhenta frå institusjonane i samband med vurderinga av kostnadene ved sensur, viser at det er skilnader i praksis. Hovudregelen er likevel at det er to sensorar, i alle fall på deler av besvarelsane.

Når det gjeld bachelorarbeid/-gradsarbeid (bacheloroppgåve, fordjupingsoppgåve, prosjektarbeid), er det som regel ikkje fastsett særlege minstekrav til talet på sensorar i forskriftene, men spørsmålet har vore drøfta i høve til ekstern sensur, m.a. i karakterundersøkinga for 2013. Arbeidsgruppa tilrår ein hovudregel om to sensorar på bachelorarbeid/-gradsarbeid.

Arbeidsgruppa tilrår at:

- *Det bør vere to sensorar på munnleg eksamen og på andre eksamenar som ikkje lar seg etterprøve.*
- *Det bør vere to sensorar på bachelorarbeid.*
- *I andre eksamenar, tilrår arbeidsgruppa at det blir oppnemnt ein medsensor. Når det er over 40 besvarelsar i eit emne, bør medsensor vurdere minst 25 prosent av besvarelsane, og denne vurderinga bør leggjast som normgrunnlag for vurdering av dei resterande besvarelsane. I emne med fleirvalstestar eller samanliknbare prøveformer, kan bruken av medsensor avgrensast til utarbeiding av eksamensoppgåver.*

Definisjon av ekstern sensor

Ekstern sensor er som hovudregel definert slik i forskriftene om eksamen og sensur:

- Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling og heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet i eksamenssemesteret.

Gjesteforelesarar med begrensa tilknytning til fagmiljøet er nemnt som unntak.

Arbeidsgruppa tilrår følgjande definisjon:

- *Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling og heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet for eksamenskullet.*

Minstekrav til ekstern sensur

Som det går fram av kapittel 3.3 varierer omfanget av ekstern sensur betydeleg mellom institusjonane.

Det synest å vere ei oppfatning i sektoren at ekstern sensur er svært kostnadskrevjande, særleg på grunn av reisekostnader. Omfanget av ekstern sensur er difor mindre enn omfanget av to sensorar. Som det går fram av kapittel 5 og rekneeksempla i vedlegg 2 er ikkje ekstern sensur meir kostnadskrevjande enn intern sensur.

I samband med karakterundersøkinga i 2013 var det fleire karakterpanel som ga uttrykk for at det burde vere ekstern sensor på bachelorarbeid/-gradsarbeid. Karakterstatistikkane viser at det er ei spesiell karakterfordeling med betre karakterar på desse oppgåvene enn andre emne. Det kan vere eit argument for å ha som hovudregel at det bør vere ekstern sensur på slike oppgåver.

Ved praksisopplæring har det vore etablert ordningar der praksisretteleiar saman med faglærer/emneansvarleg står for vurderinga. Praksisretteleiarar kan vere knytte til institusjonane på ulike måtar og treng såleis ikkje vere eksterne etter ein streng definisjon. Arbeidsgruppa vurderer det slik at dette er ein god praksis, og tilrår at det blir presisert i reglane for sensur.

Arbeidsgruppa tilrår at:

- *Det bør nyttast ekstern sensor på munnleg eksamen og på andre eksamenar som ikkje lar seg etterprøve*
- *Det bør nyttast ekstern sensor på bachelorarbeid/-gradsarbeid*
- *I andre eksamenar, tilrår arbeidsgruppa at det kvart år blir nytta ekstern sensor på 1/3 av emna slik at alle emna i løpet av ein treårsperiode har hatt ekstern sensur. Når det er over 40 besvarelsar i eit emne, bør ekstern sensor vurdere minst 25 % av besvarelsane, og denne vurderinga bør leggjast som normgrunnlag for vurdering av dei resterande besvarelsane.*
- *Vurdering av praksisopplæring bør skje i samarbeid mellom praksisretteiar og faglærar/emneansvarleg i tråd med etablert praksis.*

Oppnemning av sensorar

Etter lova er det styret som oppnemner sensorar. Dette er som regel delegert til fakultet/avdeling eller til institutt/program. Ved nokre institusjonar kan det vere rektor eller dekan ved fakultetet som oppnemner. Dette avheng i stor grad av storleiken på institusjonen, og det er gode grunnar for å delegere oppnemninga.

Det er vanskeleg å finne ei ordning som høver for alle institusjonane, men det kan vere ein fordel om oppnemning av sensorar i større grad blir rekna som ei policy-sak og at det blir behandla i styringsorgan. Både interne og eksterne sensorar bør oppnemnast.

Arbeidsgruppa tilrår at sensorar, interne og eksterne, blir oppnemnde av styret ved institusjonen eller av det organet som oppnemninga eventuelt er delegert til.

Handtering av usemje mellom sensorar

Nokre institusjonar har spesifiserte reglar for dette. Hovudregelen er at ekstern sensor avgjer når det er usemje, eller at det blir oppnemnt ein tredje sensor. Det siste kan vere knytt til stor divergens (over to karakterar).

Arbeidsgruppa tilrår at hovudregelen bør vere at ekstern sensor avgjer når det er usemje mellom intern og ekstern sensor. Dersom det blir nytta berre ein sensor på ein del av besvarelsane, bør tvilstilfelle drøftast med ekstern sensor. I særlege tilfelle bør det oppnemnast ein tredje sensor.

Ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane

Det er fastsett i lova at *det skal vere ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane*. I kommentarane til lovforslaget er det peika på at det kan vere ulike former for ekstern deltaking i vurderinga, t.d. ekstern stikkprøvekontroll eller ekstern sensur av fastsette deler av vurderingane.

Dette spørsmålet er handtert på ulike måtar ved institusjonane, og der det er ekstern sensur på alle besvarelsane, er det ikkje rekna som nødvendig å ha eigne opplegg for ekstern evaluering. Nokre institusjonar har lagt denne oppgåva til programsensor/tilsynssensor.

Dersom arbeidsgruppa sine tilrådingar om minstekrav for ekstern sensur blir gjennomført, er det ikkje nødvendig med formalisert ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane. Det betyr ikkje at institusjonane ikkje bør ha søkjelys på vurderingsordningane. Det bør vere ein del av kvalitetssystemet ved institusjonane.

Nasjonal samordning av sensurarbeid og karakterbruk

Ei god samordning av karakterbruken på tvers av fag og institusjonar føreset at institusjonane deltek i og fylgjer opp arbeidet i nasjonale karakterpanel og i nasjonale og lokale sensorsamlingar. Det er kanskje ikkje naturleg å formulere reglar om dette i forskrifter, men prinsippet bør innarbeidast i institusjonane sine kvalitetssystem.

6.2 Sensurordningar og kvalitetssystem

Det er ulik praksis ved institusjonane med omsyn til i kor stor grad sensurordningane er omtala i kvalitetssystema. For å få ein god felles praksis tilrår arbeidsgruppa at følgjande blir innarbeidd i dei sentrale kvalitetssystema ved institusjonane:

- *minstekrav om talet på sensorar og omfanget av ekstern sensur*
- *deltaking i nasjonal samordning av karakterbruk og sensurarbeid*
- *evaluering av vurderingsordningane*

6.3 Samordning av sensurarbeidet

Arbeidsgruppa tilrår at det i 2016 blir halde fire årlege nasjonale sensorsamlingar med hovudvekt på diskusjon av konkret sensurarbeid, karakterbeskrivelsar i høve til læringsutbytebeskrivelsar og retningslinjer for sensurering.

Målgrupper for desse samlingane bør vere

- sensorar
- leiarar, sekretærar og medlemmer i institusjonane sine studieutval på ulike nivå
- leiarar, sekretærar og medlemmer i nasjonale rådsorgan

Samlingane kan organiserast med deltakarar frå fagområde med felles eller nærslekta problemstillingar, og dei kan eventuelt ha ein kombinasjon av plenums- og fag/fagområdesamlingar.

Dei nasjonale samlingane bør fylgjast opp med samlingar ved den enkelte institusjonen eller for fleire institusjonar innafor regionane. UHR i samråd med institusjonane bør utarbeide ein felles mal for dei lokale opplegga.

6.4 Nasjonale sensorkorps

Arbeidsgruppa tilrår at det som ei prøveordning blir oppretta nasjonale sensorkorps innafor tre fagområde etter følgjande opplegg:

- fakultetsmøta og dei nasjonale rådsorgana blir inviterte til å melde inn fag som kan vere med i ein sensorkorps på lågare grad, totalt tre fag med verknad frå hausten 2016
- sensorkorpset skal stå for ekstern sensur innafor to til tre sentrale emne i dei aktuelle faga
- sensorkorpset utarbeider ein kort karakterrapport for kvart semester
- ordninga blir søkt finansiert med prosjekttilskot frå Kunnskapsdepartementet
- ordninga blir evaluert etter to semester

6.5 Budsjettmessige konsekvensar

Arbeidsgruppa viser til rekneeksempla i vedlegg 2 og oppsummering i kapittel 5.1.5. Utvida bruk av ekstern sensur treng ikkje føre til auka kostnader, men det vil vere behov for budsjett-tilpassingar.

Utvida bruk av ekstern sensur, kan det gje innsparingar i intern arbeidstid, som kan nyttast til andre prioriterte oppgåver innan undervisning, studiekvalitetsarbeid og samordning av sensurarbeid.

Arbeidsgruppa har foreslått minstekrav for talet på sensorar (interne og eksterne) som kan føre til auka kostnader for institusjonar som ligg under minstekravet. Dette må kartleggast nærare i høyringsrunden.

For dei foreslåtte fire konferansane i 2016 reknar arbeidsgruppa med ein totalkostnad på 1,2 millionar kroner. Kostnadene kan dekkast gjennom deltakaravgift, alternativt ved at UHR søker om å få dekkast kostnadene som prosjektkostnader frå Kunnskapsdepartementet.

Når det gjeld kostnadene for lokale samlingar og kostnadene for deltakarane, viser arbeidsgruppa til at det foregår eit kontinuerleg arbeid med kvalitetssikring og -utvikling innan høgare utdanning. Nasjonale og lokale konferansar er ledd i dette, og dei blir finansierte innafor institusjonane sine ordinære budsjett. I 2016 bør deltaking i nasjonale og lokale sensorsamlingar prioriterast. Arbeidsgruppa finn difor ikkje at det bør lagast egne budsjett for dette.

Den foreslåtte prøveordninga med nasjonale sensorkorps i 2016 -2017, blir foreslått finansiert av prosjektmidlar.

7. Iverksetjing og oppfølging

Rapporten frå arbeidsgruppa bør sendast på høyring slik at den kan behandlast i UHR sine organ i første halvår 2015.

Arbeidsgruppa tilrår at det blir utarbeidd felles reglar om sensurordningar ved institusjonane innafør høgare utdanning med sikte på å utvikle ein god praksis som gir grunnlag for samordning av karakterbruken i sektoren. Desse reglane bør iverksetjast frå og med hausten 2016, anten ved at institusjonane innarbeider dei i sine forskrifter eller ved at UHR utarbeider forslag til ei felles forskrift med utgangspunkt i tilrådingane i kap 6.1.

Arbeidsgruppa tilrår at følgjande blir innarbeidd i institusjonane sine kvalitetssystem innan 31. juli 2016:

- minstekrav om talet på sensorar og omfanget av ekstern sensur
- deltaking i nasjonal samordning av karakterbruk og sensurarbeid
- evaluering av vurderingsordningane

Det bør arrangerast fire nasjonale sensorsamlingar i 2016. Desse bør planleggast av UHR i samråd med nasjonale rådsorgan i løpet av tredje kvartal 2015. Arbeidet med opplegg for dei lokale samlingane bør skje samstundes.

Arbeid med å få til prøveordningar med nasjonale sensorkorps bør foregå parallelt med arbeidet med dei nasjonale sensorsamlingane.

Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over bakgrunnsmateriale og informantar

SØF-rapport nr 03/13: *Karakterbruk og kvalitet i høyere utdanning*

Rapport 21/2009 frå NIFU STEP: *Hva er viktige kvaliteter ved god sensur?*

Brev frå Kunnskapsdepartementet til Studentparlamentet ved Høgskolen i Oslo og Akershus av 21.05.14: *Svar på spørsmål om ekstern sensur*

Brev frå Kunnskapsdepartementet til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen av 08.0914: *Oppdragsbrev til NOKUT*

Lovdata, sentrale forskrifter: *Forskrifter om studium, eksamenar, sensur m v.*

Rapportar frå program-/tilsynssensorar, innhenta frå:

- *Høgskolen i Lillehammer*
- *Høgskolen i Oslo og Akershus*
- *Universitetet i Bergen*
- *Universitetet i Oslo*

Kostnader ved sensur og talet på sensorar, innhenta materiale frå:

- *Handelshøyskolen, BI*
- *Norges Handelshøgskole*
- *Norges miljø- og biovitenskaplege universitet*
- *Norges teknisk naturvitenskaplege universitetet*
- *Norges Høgskolen i Bergen*
- *Høgskolen i Hedmark*
- *Høgskolen i Gjøvik*
- *Høgskolen i Lillehammer*
- *Høgskolen i Molde*
- *Høgskolen i Nesna*
- *Høgskolen i Nord-Trøndelag*
- *Høgskolen i Oslo og Akershus*
- *Høgskolen Stord/Haugesund*
- *Høgskolen i Sør-Trøndelag*
- *Høgskolen i Telemark*
- *Høgskolen i Østfold*
- *Universitetet i Agder*
- *Universitetet i Bergen*
- *Universitetet i Nordland*
- *Universitetet i Oslo*
- *Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet*

Vedlegg 2: Kostnader ved ekstern og intern sensur - rekneeksempel

Eksterne sensorar får honorar etter satsar som blir fastsette i samband med inngåing av avtalar om sensoroppdrag. Satsane kan variere mellom institusjonar og mellom fagområde, men det foregår ei uformell samordning i sektoren ved at satsar blir utveksla. Satsane blir fastsette med utgangspunkt i forventa tidsbruk, som er avhengig av kor stort emnet er og kva vurderingsform som er nytta. Det kan vere ein kombinasjon av eit grunnbeløp eller eit minste timetal, og ein sats per besvarelse, som er avhengig av lønnstrinn eller nivå (høg/låg sats).

Kostnadene ved internt sensurarbeid inngår i institusjonane sine lønskostnader, og dei blir dermed lite synlege. Lønskostnadene for sensurarbeidet kan identifiserast ved å berekne timetalet for sensur i eitt eller fleire emne, men i praksis kan ein ikkje dele opp lønskostnadene på dei ulike oppgåvene og t.d. erstatte intern sensor med ekstern sensor. Som rekneeksempel tar vi likevel utgangspunkt i at interne og eksterne sensorar har same tidsbruk og at intern løn og honorar til ekstern sensor fell saman.

Rekneeksempel 1: same løn/honorar for interne og eksterne sensorar

Som eksempel 1 skal vi sjå på eit tenkt tilfelle der tidsbruken og kostnadene til løn/honorar er det same for interne og eksterne sensorar, stipulert til kr 25 000 for kvar.

Medrekna sosiale kostnader blir reknestykket følgjande:

Tabell 1

	sos kost	Interne sensorar	Eksterne sensorar
Løn/honorar		25 000	25 000
Fordel gruppeliv	0,3 %	75	
Feriepengar	12,0 %	3 000	3 000
Arbeidsgjevaravgift	14,1 %	3 959	3 948
Pensjonsinnskott	12,7 %	3 556	
Arbeidsgj avgift av pensjonsinnsk	14,1 %	501	
Total kostnad		36 091	31 948

Skilnadene i sosiale kostnader fører til at totalkostnadene for interne blir kr 4 043 (12,7 %) høgare enn for eksterne.

Dersom reisekostnadene for eksterne sensorar ikkje utgjer meir enn 12,7 % av honorarkostnadene, vil totalkostnadene ved å bruke eksterne sensorar bli mindre eller lik lønskostnadene ved å bruke interne.

Rekneeksempel 2: matematikk for økonomar ved NHH

Som eksempel 2 skal vi sjå på eksamen i matematikk for økonomar ved NHH hausten 2013 der det var 428 kandidatar.

3 eksterne sensorar fekk til saman kr 101 070 i honorar som grunnbeløp (kr 845/980) og per besvarelse (låg sats = kr 204, høg sats = kr 245). For 1 intern sensor vil tilsvarende tidsbruk tilsvare kr 88 157. Skilnaden kjem av ulikt lønsnivå og at det berre blir eitt grunnbeløp.

Når vi reknar med sosiale kostnader, blir reknestykket følgjande:

Tabell 2

	sos kost	Intern sensor	Eksterne sensorar
Løn/honorar		88 157	101 070
Fordel gruppeliv	0,3 %	264	
Feriepengar ⁵	12,0 %	10 579	12 128
Arbeidsgjevaravgift	14,1 %	13 959	15 961
Pensjonsinnskott	12,7 %	12 539	
Arbeidsgj avg av pensjonsinnskott	14,1 %	1 768	
Total kostnad		127 267	129 159

I dette tilfellet blir kostnadene for eksterne sensorar litt høgare enn for ein intern på grunn av skilnader i lønsnivå og fordi det er fleire eksterne .

Det er ikkje reisekostnader for eksterne sensorar ved denne eksamenen.

Rekneeksempel 3: kostnader for interne sensorar når alle arbeidsplikter blir medrekna

For internt fagleg personale inngår sensurarbeidet i undervisningsarbeidet, som utgjer ein del av samla arbeidsplikter. Ved universiteta er undervisningsarbeidet som regel normert til knapt halvparten av samla arbeidsplikt, og tid til forskning skal vere tilsvarende. Ved høgskolane kan arbeidspliktene for ein del av stillingane vere normert annleis, og i nokre stillingar er undervisningsarbeid rekna som hovudoppgåva. Dersom vi tar omsyn til alle arbeidspliktene, vil lønskostnadene for interne sensorar bli vesentleg større enn for eksterne.

Som eksempel skal vi sjå på totalkostnadene når tid til undervisning blir stipulert til 50 % og 75 %. Dette er høge anslag for undervisningsdelen og dermed låge anslag for andre plikter. Vi nyttar elles same tala som i eksempel 1 ovanfor og får følgjande reknestykke.

Tabell 3

	Undervisning = 50 %	Undervisning = 75 %
	Interne sensorar	Interne sensorar
Løn	50 000	37 500
Fordel gruppeliv	150	113
Feriepengar	6 000	4 500
Arbeidsgjevaravgift	7 918	5 939
Pensjonsinnskott	7 112	5 334
Arbeidsgj avgift av pensjonsinnsk	1 002	752
Total kostnad	72 182	54 137

Samanlikna med honorarkostnadene ved ekstern sensur blir lønskostnadene for interne i dette eksempelet meir enn dobbelt så store når undervisningsplikta er rekna til 50 %, og dei blir om lag 70 % høgare når undervisningplikta er på 75 %.

Motargumentet mot eit slikt reknestykke er at tid til forskning har verdi i seg sjøl og at ein difor ikkje bør rekne med det som eit påslag på tidsbruken til sensurarbeidet. Arbeidsgruppa vil

⁵ Feriepengane er litt høgare for tilsette/eksterne sensorar som er over 60 år. Det er ikkje tatt omsyn til det i dette eksempelet. Vi reknar med at aldersfordelinga er om lag den same for eksterne og interne sensorar.

difor ikkje ta utgangspunkt i dette eksempelet når vi vurderer interne kostnader ved sensurarbeid.

Reisekostnader for eksterne sensorar

Reisekostnadene er rekna å vere ein betydeleg tilleggs-kostnad ved bruk av eksterne sensorar. Ved ein del eksamenar, t.d. individuell skriftleg eksamen, treng det ikkje vere reisekostnader, og det blir også nytta videokonferansar og telefonsensur for å spare reisekostnader ved sensur.

Det er vanskeleg å skaffe nøyaktige rekneskapsdata for reisekostnader ved sensur, og arbeidsgruppa har valt å hente inn data for slike kostnader i 7 studieprogram/utdanningar⁶ ved i alt 17 institusjonar⁷ i 2013/2014. I tillegg har vi henta inn samledata for to bachelorprogram ved UiB og eitt institutt ved UiT, og vi har data for examen philosophicum, seminarmodellen ved SV-fak, UiB i 2012.

Materialet viser følgjande:

Inst	Program	Emne	Berre int sensorar	Besv	Honorar ekst	Reise-kostnad	Reise i % av hon
17	7	100	44	4 289	2 857 800	60 527	2,1 %

I dei 100 emna som vi har data om, er det berre nytta interne sensorar i 44 av emna. Totalt er det 4 289 besvarelsar, 43 per emne i gjennomsnitt. Honorar for eksterne er kr 2 857 800. Reisekostnaden er kr 60 527, som utgjer 1,8 % av honorarkostnadene. Fleirtalet av programma har ingen reisekostnader ved ekstern sensur, men i eitt program (grunnskolelærarutdanning ved Høgskolen i Nesna) er reise- og opphaldskostnader større enn honorarkostnadene.

I tillegg har vi samledata for to bachelorprogram ved UiB og eitt institutt ved UiT og for examen philosophicum, seminarmodellen ved SV-fak, UiB:

Inst	Program	Honorar eksterne	Reise-kostnad	Reise i % av hon
UiB	Bachelor i engelsk og russisk	46 995	5 802	12,3
UiT	IHR*	365 854	38 146	10,4
UiB	Ex ph SV (H2012)	102 919	0	0
Total		515 768	43 948	8,5

*Institutt for historie og religionsvitenskap, tala gjeld både master og bachelor

Dette materialet er ikkje samanliknbart med den første tabellen sidan vi har emne både på bachelor- og masternivå. Totalt er reisekostnadene i dette eksempelet 8,5 % av honorarkostnadene, og det indikerer at reisekostnadene ved sensur blir ein del høgare når ein også tar med emne på masternivå.

⁶ Data er henta inn frå følgjande bachelorprogram: historie, IT/informasjonsystem, sjukepleie, statsvitenskap, vernepleie, økonomi og administrasjon og frå grunnskolelærarutdanning 5-10.

⁷ Data er henta frå følgjande institusjonar: Handelshøgskolen BI, Norges Handelshøgskole, Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet, Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Nesna, Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskolen i Oslo og Akershus, Høgskolen i Sor-Trøndelag, Høgskolen i Telemark, Høgskolen i Østfold, Universitetet i Agder, Universitetet i Bergen, Universitetet i Nordland, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet

Oppsummering av kostnader ved intern versus ekstern sensur

Førebels materiale om reisekostnader for eksterne sensorar indikerer at institusjonane har spart inn på reisekostnadene. Reisekostnadene synest å vere mindre enn differansen mellom totale løns-/honorarkostnader for interne versus eksterne sensorar (tabell 1). Dersom vi reknar med lønskostnadene for alle arbeidsplikter for internt personale (tabell 3), blir totalkostnadene for interne sensorar vesentleg høgare enn for eksterne.

Ein eventuell utvida bruk av ekstern sensur treng difor ikkje å føre til auka kostnader for institusjonane, men det vil kreve ein del budsjetttilpassingar. Utfordringa for institusjonane blir å sikre fleksible budsjettmidlar slik at kostnadene ved ein balansert bruk av ekstern sensur kan finansierast..

Dersom ein større del av sensurarbeidet blir utført av eksterne, kan det gje innsparingar i intern arbeidstid, som kan nyttast til andre prioriterte oppgåver innan undervisning og studiekvalitetsarbeid.

Kostnadene ved ein eller to sensorar

Eksempla ovanfor viser at bruk av eksterne sensorar ikkje treng å føre til auka kostnader for institusjonane.

I bakgrunns materialet om kostnader og i forskriftene om sensorar framgår det at det i nokre emne berre blir nytta ein sensor, som regel intern. Det kan vere kombinert med at ein medsensor (intern eller ekstern) vurderer ein del av besvarelsane eller deltek i utforming av eksamensoppgåver og sensorretteiing. Nokre institusjonar har rullering for kva emne som har berre ein sensor.

Det er klårt at skilnaden i kostnader mellom det å bruke ein eller to sensorar er vesentleg mykje større enn skilnaden mellom interne og eksterne.

Arbeidsgruppa har innhenta materiale frå 3 institusjonar om i kor stor grad dei brukar berre ein sensor:

- Høgskolen i Hedmark hadde berre ein sensor i 106 emne (av totalt 657 emne) V2014. Det foregår ei rullering kvart år over kva emne som har berre ein sensor. Det blir fastlagt av avdelingane.
- *Høgskolen Stord/Haugesund* har H2014 er 73 emne av totalt 128 der det berre blir nytta ein sensor. Dei har eit krav om minimum 25 % ekstern sensur (som i praksis kjem i tillegg til 1 intern sensor).
- Ved *Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)* har dei system for bruk av sensorar. Ved eitt institutt blir det brukt 2 sensorar i 5 av 8 emne og berre 1 sensor i 3 emne.

Det er også stilt tilleggsspørsmål til dei institusjonane som har gitt opplysningar om kostnader ved ekstern sensur om i kor mange emne det er nytta berre 1 sensor talet på sensorar. Tala for 93 emne er at det er nytta berre 1 sensor i 21 emne. I desse emna er det då 20 % som berre nyttar ein sensor.

Materialet ovanfor viser at talet på emne med berre 1 sensor varierer frå 57 % ved Høgskolen Stord/Haugesund til 16 % ved Høgskolen i Hedmark. I det materialet som gjeld 92 emne frå 16 institusjonar er det om lag 20 % av emna som berre har 1 sensor.

Det er vanskeleg å gje eit nøyaktig overslag over kostnadene ved å innføre minstekrav til talet på sensorar sidan det er så pass store skilnader mellom institusjonane. For nokre institusjonar vil det ikkje bety auke medan dei som i større grad nyttar berre 1 sensor, vil få ein del auka kostnader. Institusjonane bør klårgjere dette i høyringsrunden.

151214AB

Vedlegg 3: Utdrag av forskrifter om sensurordninger

Nedenfor følger utdrag av institusjonenes forskrifter om studier, eksamen, sensur m.v., kopiert fra Lovdata. Utdraget omfatter regler om sensurordninger ved institusjonene gruppert slik: universiteter, statlige høyskoler, statlige vitenskapelige høyskoler inkludert kunsthøyskoler, private vitenskapelige høyskoler og private høyskoler.

Når det gjelder private høyskoler, er det i hovedsak de institusjonene som har over 400 registrerte studenter, som er tatt med.

Mange institusjoner viser til utfyllende regler, som kan være fastsatte av fakultet eller på andre nivåer. Det er derfor vanskelig å få en fullstendig oversikt ut fra disse forskriftene alene, og i noen tilfeller har v i innhentet utfyllende regler.

Universiteter

NMBU

§ 41-1. Enhver evaluering skal resultere i et vurderingsuttrykk (en karakter). For alle emner som omfattes av denne forskriftens kapittel 1, skal det være to sensorer.

Emneansvarlig lærer eller hovedveileder vil normalt være intern sensor

NTNU

§ 37. Sensorer

1. Fakultetet selv oppnevner sensorer, jf. universitetsloven § 3-9 nr. 2. For tverrfakultære emner (f.eks. *Ekspertes i team*) som ikke er administrert av et fakultet, oppnevner rektor ekstern(e) sensor(er). Eksterne sensorer ved klage oppnevnes av fakultetet selv. Oppnevning skjer for perioder på 3 år.
2. Det skal være minst to sensorer ved muntlig prøve og vurdering av praksisopplæring e.l. som etter sin art ikke lar seg etterprøve. Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved bedømmelsen av masteroppgaven/hovedoppgaven, jf. universitetsloven § 3-9 nr. 2
3. Fakultetet selv fastsetter retningslinjer enten generelt eller for det enkelte studieprogram for hvordan ekstern deltakelse i vurderingen skal gjennomføres, enten ved ekstern deltakelse i den enkelte vurdering eller ved ekstern evaluering av vurderingsordningene.

Universitetet i Agder

§ 37. Sensur

- 1) Alle emner på bachelor- og masternivå skal ha ekstern sensur i form av vurdering av studentarbeider minst hvert 3. år. I emner med multiple choice-eksamener eller sammenlignbare eksamensformer kan kravet om ekstern sensur dekkes ved at det medvirker en ekstern sensor ved utarbeidelse av eksamensoppgaven.

Det skal normalt benyttes ekstern sensor i et omfang på minst 15 studiepoeng pr. studieår. Ekstern sensor skal medvirke ved bedømmelse av alle studentarbeider ved alle deleksamener som inngår i emnet. Fakultetsstyret fastsetter plan for bruk av ekstern sensor.

